

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 15.04.2015

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag til ny innstilling.

Fylkesutvalet vedtek å innføre røykeforbod i og i umiddelbar nærleik av leskur og under tak på alle fylkeskommunale haldeplassar og terminalar.

Jostein Ljones sette fram forslag til ny innstilling.

Skyss utviklar og køyrer ein haldningskampanje på fylkeskommunale haldeplassar og terminalar, der ein oppfordrar til å ta omsyn ved røyking.

Gustav Bahus sette fram forslag om å ta inn orda «- i denne omgong ikkje -» i innstillinga.

Røysting

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til innstilling fekk 3 røyster, Stein Inge Ryssdal, Silje Ekeland Bjørkly og Iiril Schau Johansen og fall.

Jostein Ljones sitt forslag til innstilling med tillegg frå Gustav Bahus fekk 7 røyster (FRP, SP, V, H (Stein Inge Ryssdal, Einar Lutro, Eli Berland)) og vart vedteke med leiaren si dobbeltrøyst.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk 7 røyster (A, KRF, H (Silja Ekeland Bjørkly, Iiril Schau Johansen)) og fall.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i denne omgong ikkje å innføre røykeforbod på alle fylkeskommunale haldeplassar og på terminalar. Skyss utviklar og køyrer ein haldningskampje på fylkeskommunale haldeplassar og terminalar, der ein oppfordrar til å ta omsyn ved røyking.